



«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 11.05.2018  
Vår ref.: 2014/22680-42  
Saksbehandlar: evevaul  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Tilsegn om tilskot frå ordninga "Trygg skuleveg og punktutbetring 2018"

Takk for dykkar søknad om tilskot frå ordninga «Trygg skuleveg og punktutbetring». Me har den glede å melda at de har fått innvilga tilskot! Nokre av kommunane har søkt om tilskot til fleire tiltak. Kva tiltak som får tilsegn om støtte finn de i tabellen nedanfor.

Tilskotsordninga hadde i 2018 ei ramme på 20,77 mill. kr. Til fristen 7. mars kom det inn 29 søknadar frå 17 kommunar, med ei samla søknadssum på om lag 65 mill. kr. Søknadane vart fagleg vurdert av fylkeskommunen og Statens vegvesen før tildelingssaka vart sendt til politisk handsaming. Fylkestrafikksikringsutvalet innstilte til *utval for miljø og samferdsel* 17. april, som gjorde dette vedtaket påfølgande dag:

### Vedtak, politisk sak 52/18:

*Utval for miljø og samferdsel gir tilsegn om tilskot frå ordninga Trygg skuleveg og punktutbetring til følgjande tiltak:*

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling
Askøy	Fv 563 - Gangfelt ved Erdalsneset	1 500 000
Austrheim	Veglys (kostnadar til pigging og massar) på strekninga Toftegård - Mastrevik	400 000
Bømlo	Fv14 Bekk-Svortland - Opparbeiding av fortau med lys	1 850 000
Fitjar	Fv545 – Gang- og sykkelveg ved Årskog industriområde / Breivik	2 600 000
Jondal	Fortau langs Fv107, Sætveithagen	600 000
Kvam	Utbetring på nedre del av Fv131 i Øystese (veg og fortau)	3 800 000
Lindås	Fv402 på Seim - Samanhengande fortau og betre kryssløysing	3 300 000
Os	Fv137 – Gang- og sykkelveg langs Hegglandsdalsvegen	4 150 000
Vaksdal	Fv 314 - Fortau og kvitkalking i Kvamstotunnelen, Dale sentrum	570 000
Voss	Utviding av busslomme og gang- og sykkelveg inn til Palmafossen barneskule	2 000 000
SUM		<b>20 770 000</b>

Full saksgang med vedtak følger etter dette brevet. Alle saksdokument finn de på våre heimesider:

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=767>

### Vilkår for tilsegna

Det vert lagt til grunn at tiltaka som har fått tilsegn om midlar skal gjennomførast i løpet av inneverande år. Om tilskotsmottakar ser at tiltaket likevel ikkje lar seg gjennomføra innan utgangen av 2018, må vedkommande snarast melda dette til fylkeskommunen, og seinast innan byrjinga av desember 2018. Dette gjeld ikkje for tiltak der det allereie i søknad kjem fram at ferdigstilling må påreknast i 2019. Absolutt siste frist for ferdigstilling er 31. desember 2019.

Me ber elles om at de merkar dykk følgjande:

- Kommunane er ansvarlege for eventuelle kostnadsoverskridingar i høve til totalkostnad oppgitt i søknad.
- Om eit tiltak får mindre kostnader enn skissert i søknaden, vert tildelt støtte redusert tilsvarande. Reelle kostnader skal kome fram av prosjektrekneskapan som skal følgja sluttrapporteringa.
- Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføra kontroll med at tilskotet vert forvalta slik det går fram av søknad og vedtak.
- Om tilskotsmottakar gir misvisande opplysningar, eller ikkje nyttar tilskotet i samsvar med vilkåra, vil tilskotet verta avkorta/inndratt.

### Særskilt om handtering av mva.

Det er gitt tilsegn etter kostnader eks. mva, slik dei er oppgitt i søknadane. Kommunane som vel å gjennomføra tiltaka sjølve, er sjølve ansvarlege for handtering av meirverdiavgifta. For tiltaka der Statens vegvesen skal stå for gjennomføring vil fylkeskommunen løyva opp meirverdiavgifta.

### Når kommunen sjølv står ansvarleg for gjennomføring

Sidan tiltaka er på fylkesveg er det ein føresetnad at kommunane som sjølv skal stå for gjennomføringa, tidleg tar kontakt med Statens vegvesen for nærare avklaringar og naudsynt informasjon. Det er viktig med ein god dialog mellom kommunen og Statens vegvesen gjennom heile prosessen.

- Prosjektet må prosjekterast og byggast i samsvar med Statens vegvesen sine normalar og retningslinjer. Hugs å få grunnlagsinfo frå Geodata hjå Statens vegvesen for korrekt innmåling og innlegging av data i NVDB. Den enkelte kommune bør ta kontakt med den enkelte vegseksjon for å sikre god datafangst og oppfølgingsrutinar før oppstart. Det skal vera underskrivne gjennomføringsavtalar **før** oppstart av anlegget etter Statens vegvesen sin mal.
- Eventuelle kommunale leidningar og infrastruktur skal byggjast etter kommunaltekniske normer. Hugs at det skal søkjast om nedlegging av kablar, røyr m.m. til Statens vegvesen.
- Kommunen skal vere prosjektet sin byggherre på vegne av fylkeskommunen, og er ansvarleg for at prosjektet vert bygd etter gjeldande lovverk og reguleringar.
- Kommunen er ansvarleg for å gjennomføre all grunnverv og prosjektering/byggeplanlegging. Hugs at oppmåling og grunn skal overførast Statens vegvesen på vanleg etter Statens vegvesen sin metode.
- Kommunen skal sende arbeidsvarslingsplan til Statens vegvesen som skal godkjennast før byggestart.

- Kommunen er ansvarleg for utlysning og gjennomføring av anbudet iht. lov om offentlege anskaffingar.
- Statens vegvesen skal godkjenne og overta anlegget etter det er ferdigstilt på vegne av Hordaland fylkeskommune. Overtaking av veganlegget skal skje ved eigen overtakelsesforretning etter at anlegga er ferdigstilt etter nærare avtale. Det er kommunen som skal **overta** anlegget frå entreprenør, og kommunen skal **overlevere** til Statens vegvesen med gjeldande dokumentasjon.

### Rapportering og utbetaling

Kommunane som står for gjennomføring av egne tiltak må fylla inn rapporteringsskjema, levara prosjektrekneskap med endelege kostnader og dokumentera tiltaket med før- og etterbilete. Utbetaling av tilskot vil skje så snart tiltaket er ferdigstilt, og rapporteringsskjemaet med vedlegg er sendt inn. Siste frist for å senda inn sluttrapport er 1. januar 2019. For toårige prosjekt er fristen 1. januar 2020. Rapporteringsskjema finn de som vedlegg.

For tiltak der Statens vegvesen står for gjennomføringa, vil løyvingar og rapporteringar følgja etablerte prosedyrar.

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

Even Vaular

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Rapporteringsskjema 2018. Trygg skuleveg og punktutbetring

Arkivnr: 2014/22680-41

Saksbehandlar: Even Vaular

## Saksframlegg

### Saksgang

## Trygg skuleveg og punktutbetring - tilskotsordning 2018

### Samandrag

Tilskotsordninga til trygg skuleveg og punktutbetring har, etter politiske ønskje, kome til gjennom ekstraløyvingar over budsjettet. Det er no tredje året på rad at fylkeskommunen gir tilskot til trygg skuleveg og punktutbetring. Ramma for 2018 er på 20,77 mill. kr.

Til fristen 7. mars kom det inn 29 søknadar frå 17 kommunar. Ni kommunar har søkt om tilskot til meir enn eitt tiltak/prosjekt. Tiltaka har ein samla totalkostnad på 137 mill. kr, og det er søkt om tilskot på til saman 65 mill. kr, som er om lag tre gongar ramma på tilskotsordninga. Nær alle tiltak er retta mot mjuke trafikantar og ligg langs skuleveg. Ein del av tiltaka er også retta mot møteulykker (sju tiltak) og utforkøringsulykker (fire tiltak). For 18 av tiltaka ønskjer kommunane at Statens vegvesen står for gjennomføringa.

Framlegg til fordeling av tilskotsmidlar er gjort i samarbeid med fagfolk innan trafikksikring hjå Statens vegvesen. Det har vore eit mål i denne saksutgreiinga å fremma fagleg gode trafikksikringstiltak som er kostnadseffektive og lar seg gjennomføra i 2018, og seinast i løpet av 2019.

**Økonomi:** Ramma til tilskotsordninga kjem frå ei ekstraløyving på 20 mill. kr. over årsbudsjett 2018 (vedtatt av fylkestinget 12. desember 2017, PS 105/2017), samt 0,77 mill. kr. overført frå tilsvarende tilskotsordning i 2017.

**Klima:** Betring av trafikktryggleiken for mjuke trafikantar kan på sikt føra til at fleire vel å gå eller sykla, i staden for å køyra bil.

**Folkehelse:** Fleire tiltak legg til rette forholda for mjuke trafikantar, noko som kan medføra at fleire kjem seg i fysisk aktivitet.

**Regional planstrategi:** Satsing på trafikktryggleik er viktig for å utvikla attraktive nærmiljø og regionsenter i fylket, og for å styrka konkurransekrafta til gange og sykling som klimavenlege transportformer.

## Forslag til innstilling

Utval for miljø og samferdsel gir tilsegn om tilskot frå ordninga *Trygg skuleveg og punktutbetring* til følgjande tiltak:

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling
<b>Askøy</b>	Fv 563 - Gangfelt ved Erdalsneset	1 500 000
<b>Austrheim</b>	Veglys (kostnadar til pigging og massar) på strekninga Toftegård - Mastrevik	400 000
<b>Bømlo</b>	Fv14 Bekk-Svortland - Opparbeiding av fortau med lys	1 850 000
<b>Fitjar</b>	Fv545 – Gang- og sykkelveg ved Årskog industriområde / Breivik	2 600 000
<b>Jondal</b>	Fortau langs Fv107, Sætveithagen	600 000
<b>Kvam</b>	Utbetring på nedre del av Fv131 i Øystese (veg og fortau)	3 800 000
<b>Lindås</b>	Fv402 på Seim - Samanhengande fortau og betre kryssløysing	3 300 000
<b>Os</b>	Fv137 – Gang- og sykkelveg langs Hegglandsdalsvegen	4 150 000
<b>Vaksdal</b>	Fv 314 - Fortau og kvitkalking i Kvamstotunnelen, Dale sentrum	570 000
<b>Voss</b>	Utviding av busslomme og gang- og sykkelveg inn til Palmafossen barneskule	2 000 000
<b>SUM</b>		<b>20 770 000</b>

## Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 17.04.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til utval for miljø og samferdsel.

### Innstilling til utval for miljø og samferdsel

Utval for miljø og samferdsel gir tilsegn om tilskot frå ordninga *Trygg skuleveg og punktutbetring* til følgjande tiltak:

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling
Askøy	Fv 563 - Gangfelt ved Erdalsneset	1 500 000
Austrheim	Veglys (kostnadar til pigging og massar) på strekninga Toftegård - Mastrevik	400 000
Bømlo	Fv14 Bekk-Svortland - Opparbeiding av fortau med lys	1 850 000
Fitjar	Fv545 – Gang- og sykkelveg ved Årskog industriområde / Breivik	2 600 000
Jondal	Fortau langs Fv107, Sætveithagen	600 000
Kvam	Utbetring på nedre del av Fv131 i Øystese (veg og fortau)	3 800 000
Lindås	Fv402 på Seim - Samanhengande fortau og betre kryssløysing	3 300 000
Os	Fv137 – Gang- og sykkelveg langs Hegglandsdalsvegen	4 150 000
Vaksdal	Fv 314 - Fortau og kvitkalking i Kvamstotunnelen, Dale sentrum	570 000
Voss	Utviding av busslomme og gang- og sykkelveg inn til Palmafossen barneskule	2 000 000
SUM		<b>20 770 000</b>

**Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 18.04.2018**

**Geir Angeltveit (V)** sette fram slikt forslag:

«Utval for miljø og samferdsel opnar opp for at punktutbetringstiltaket i Bømlo (Bømlo 2) kan omprioriterast til Bømlo 1, om kommunen dekkjer mellomlegget.»

**Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.  
Angeltveit sitt forslag fekk 1 røyst (V) og fall.

**Vedtak**

Utval for miljø og samferdsel gir tilsegn om tilskot frå ordninga *Trygg skuleveg og punktutbetring* til følgjande tiltak:

<b>Kommune</b>	<b>Omtale av tiltaket</b>	<b>Tildeling</b>
Askøy	Fv 563 - Gangfelt ved Erdalsneset	1 500 000
Austrheim	Veglys (kostnadar til pigging og massar) på strekninga Toftegård - Mastrevik	400 000
Bømlo	Fv14 Bekk-Svortland - Opparbeiding av fortau med lys	1 850 000
Fitjar	Fv545 – Gang- og sykkelveg ved Årskog industriområde / Breivik	2 600 000
Jondal	Fortau langs Fv107, Sætveithagen	600 000
Kvam	Utbetring på nedre del av Fv131 i Øystese (veg og fortau)	3 800 000
Lindås	Fv402 på Seim - Samanhengande fortau og betre kryssløysing	3 300 000
Os	Fv137 – Gang- og sykkelveg langs Hegglandsdalsvegen	4 150 000
Vaksdal	Fv 314 - Fortau og kvitkalking i Kvamstotunnelen, Dale sentrum	570 000
Voss	Utviding av busslomme og gang- og sykkelveg inn til Palmafossen barneskule	2 000 000
<b>SUM</b>		<b>20 770 000</b>

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 04.04.2018****Bakgrunn**

Ved fylkestinget si handsaming av *årsbudsjett 2018* og *økonomiplan 2018-2021* (PS 105/2017) i møtet 12. desember 2017 vart det, under overskrifta «Trygg skuleveg og punktutbetring», gjort følgjande vedtak: «*Det vert nytta 20 000 000 ekstra til legging av meir asfaltdekke og trygg skuleveg.*»

I møte i Utval for miljø og samferdsel (MISA) 7. februar 2018 vart det lagt fram sak (PS 21/2018) om korleis ekstraløyvinga skulle nyttast. Følgjande innstilling vart då fremma:

«*Fylkesutvalet opprettar ei søknadsordning for kommunar med ei ramme på 20,77 millionar kr i 2018. Utval for miljø og samferdsel får ansvar for tilskotsordninga, og trafikksikringsutvalet har innstillingsrett.*»

Dei ekstra 0,77 mill. kr. er midlar overført frå 2017. I fylkesutvalet 22. februar 2018 vart innstillinga frå MISA samrøystes vedteken. Midlane til trygg skuleveg og punktutbetring vart i brev til kommunane (av 14. februar) lyst ut, og seinare stadfesta per e-post etter det endelege vedtaket i fylkesutvalet.

**Om tilskotsordninga**

Tilskotsordninga er ikkje ei ordinær, fastsett ordning, men har etter politiske ønskje kome til gjennom ekstraløyvingar over budsjettet. Det er no tredje året på rad at fylkeskommunen gir tilskot til trygg skuleveg og punktutbetring. Nytt av året er at det kan søkast om tilskot på opp til 5 mill. kr., (mot 4 mill. kr. i fjor), og at kommunane kan søka om tiltak som Statens vegvesen gjennomfører. Det er ikkje sett ein makskostnad for tiltak som kan søka støtte.

**Om søknadane**

Søknadsfristen for tilskotsordninga gjekk ut 7. mars 2018. Til ordninga har det kome inn totalt 29 søknadar frå 17 kommunar. Ni kommunar har søkt om tilskot til meir enn eitt tiltak/prosjekt. Tiltaka har ein samla totalkostnad på 137 mill. kr. Det er søkt om tilskot på til saman 65 mill. kr, som er noko meir enn tre gongar ramma på 20,77 mill. kr.

Nær alle tiltak er retta mot mjuke trafikantar og ligg langs skuleveg. Ein del av tiltaka er også retta mot møteulykker (sju tiltak) og utforkøyringsulykker (fire tiltak). Åtte av tiltaka er meldt inn som punktutbetringstiltak. For elleve av tiltaka er det lagt opp til ferdigstilling i 2019. Kommunane ønskjer at Statens vegvesen står for gjennomføringa av til saman 18 av tiltaka det er søkt om. Det ligg føre skriftleg avklaring om gjennomføring for to av desse. Drygt halvparten av tiltaka inngår i tidlegare søknadar om tilskot frå HFK og/eller kommunale uttalar til høringa av *Investeringsprogram for fylkesvegnettet* i 2017. Tabellen under syner alle tiltaka som det vart søkt om tilskot til.



Tabell 1: Oversikt over søknadar til tilskotsordninga i 2018.

Nr	Kommune /prioritet	Totalkostnad (eks. mva)	Søknads-beløp	Omtale av tiltaket
1	Askøy 1	1 500 000	1 500 000	Fv 563 - Gangfelt v/ Erdalsneset
2	Askøy 2	2 500 000	2 500 000	Fv 563 - Fortau v/ Nedre Strand
3	Askøy 3	500 000	500 000	Fv562 Kjerrgarden & Fv563 Florvåg: utbetring støypekantar + fortau
4	Austrheim 1	3 350 000	400 000	Veglys (kostnadar til pigging og massar) Toftegård - Mastrevik
5	Austrheim 2	4 104 000	4 104 000	Utbetring av asfaltdekke langs Fv565
6	Bømlo 1	2 400 000	2 400 000	Fv10 – Forlenging av fortau ved Vespestadhaugen
7	Bømlo 2	1 850 000	1 850 000	Fv14 Bekk-Svortland - opparbeiding av fortau m/lys
8	Eidfjord	200 000	150 000	Gang- og sykkelveg Øvrehagen - Kyrkjevegen
9	Etne 1	1 150 000	1 150 000	Granittkantstein, miljøgate Skånevik sentrum
10	Etne 2	2 059 000	2 059 000	Fv34 ved Børkjenes - Nervikområdet
11	Etne 3	3 630 000	3 630 000	Fv34 - G/s-veg ved Fitje
12	Etne 4	3 500 000	3 500 000	Fv34 – Utbetring av smal veg ved Kjærringkleiv
13	Fitjar	2 600 000	2 600 000	Fv545 - G/s-veg ved Årskog industriområde / Breivik
14	Fjell 1	180 000	180 000	Fv209 Arefjordvegen - bytte frå kvikksølv til LED-lys
15	Fjell 2	350 000	350 000	Fv206 Døsjevegen - bytte frå kvikksølv til LED-lys
16	Fusa	7 600 000	1 500 000	Fv48 Undergang v/Rød, Hålandsdalen
17	Jondal	800 000	600 000	Fortau langs Fv107, Sætveithagen
18	Kvam 1	4 200 000	3 800 000	Utbetring på nedre del av Fv131 i Øystese (veg og fortau)
19	Kvam 2	24 000 000	5 000 000	G/s-veg Oddland-Lidarende på Fv49
20	Lindås 1	3 700 000	3 300 000	Fv402 på Seim - Samanhengande fortau og betre kryssløysing
21	Lindås 2	11 200 000	5 000 000	Apalen - fortau og breiare veg
22	Masfjorden	3 000 000	2 500 000	Fv570 Mjanger-Kvamme, tolv utbetringpunkt.
23	Meland	700 000	700 000	Rekkverk på kritiske punkt langs Fv244, Fv245 og Fv246
24	Os 1	42 000 000	5 000 000	Fv137 G/s-veg Hegglandsdalsvegen
25	Os 2	500 000	500 000	Lysefjorden/Drange - bytte frå kvikksølv til LED-lys
26	Osterøy	4 500 000	4 500 000	G/s-veg Hatlandsskiftet, Lonevåg
27	Vaksdal	570 000	570 000	Fv 314 - Fortau og kvitkalking i Kvamstotunnelen, Dale sentrum
28	Voss 1	2 000 000	2 000 000	Utviding busslomme og g/s-veg inn til Palmafossen barneskule
29	Voss 2	3 000 000	3 000 000	Fv310 Bordalsvegen - kryssutbetring
	<b>SUM</b>	<b>137,64 mill.</b>	<b>64,84 mill.</b>	
	<b>RAMME</b>		<b>20,77 mill.</b>	

### Om vurderinga av søknadane

Framlegg til fordeling av tilskotsmidlar er gjort i samarbeid med Statens vegvesen. Tiltaka er rangert etter kor gode trafikksikringstiltak dei er, om turvande forundersøkingar er gjennomført og kor mykje trafikksikring ein får for pengane. Det siste inneber at kostnad sjåast opp mot venta verknad, samt kor mange som får nytta godt av tiltaket. I den faglege vurderinga spelar ulike faktorar inn, som til dømes trafikkmengde, fartsmålingar, siktilhøve, åtfærd hjå køyrande og fotgjengarar og risiko for ulykker. Der kommunen ønskjer at Statens vegvesen står for gjennomføringa av tiltaket, har vegvesenet vurdert om dei har kapasitet til å ta på seg arbeidet. Dei har også vurdert kostnadsoverslaga som ligg til grunn for søknadane. Den samla vurderinga er kvalitativ. Sidan samla søknadssum er høgare enn ramma for tilskotsordninga, må me måla tiltaka mot kvarandre. At eit tiltak ikkje vert tildelt tilskot betyr difor ikkje at tiltaket er dårleg, eller at me ikkje ser behovet for tiltaket.

Vurderingane er gjort med utgangspunkt i søknadsskjema og tilhøyrande dokumentasjon sendt inn av søkerar. Det er søkerar sitt ansvar å sørge for at søknadsskjema og dokumentasjon er fullstendig. Det er ikkje

henta inn ny informasjon og dokumentasjon frå søkjarane for å følgja opp manglar og usikkerheiter som er avdekt i den faglege vurderinga.

### Fylkesrådmannen sine kommentarar

Det har vore eit mål å tilrå fagleg gode trafikkisikringstiltak som er kostnadseffektive og lar seg gjennomføra i 2018, og seinast i løpet av 2019. Det siste er viktig for å få nytta ramma til tilskotsordninga best mogleg til dei føremåla midlane er tiltenkt. Usikkerheit kring kostnadsoverslag er i så måte uheldig. Som hovudregel skal kommunane dekkja kostnadsoverskridingar, men det er vanskeleg å tilrå tiltak kor kostnad truleg er undervurdert, då ein ikkje veit kor store ekstrakostnadar dei aktuelle kommunane er villige til å ta. Etne kommune seier rett ut at for **tiltak nr. 10** (Fv34 – Utbetring av veg ved Børkjenes - Nervikområdet) og **tiltak nr. 11** (Fv34 – Gang- og sykkelveg ved Fitje) kan ikkje dei stå som garantist for ekstrakostnadar. Dei garantiane bør ikkje fylkeskommunen ta på seg, då dette kan få konsekvensar for ordinære budsjett. Det er likevel ingen tvil om at det er eit stort behov for utbetringar på strekninga som **tiltak nr. 10** gjeld. Her er det målt 20 cm djupe hjulspor i vegdekket. Til samanlikning er største tillate avvik på riksveg 3 cm. Denne saka vert følgt opp utanfor tilskotsordninga. Statens vegvesen har kontakta kommunen for å gjennomføra ei synfaring.

Statens vegvesen meiner det er knytt stor usikkerheit til kostnadsoverslaga for **tiltak nr. 2** (Fv 563 – Fortau v/ Nedre Strand, Askøy kommune) og **tiltak nr. 21** (Apalen - Fortau og breiddeutviding av veg, Lindås kommune), som mest sannsynleg er for låge. Det er òg vurdert at **tiltak nr. 23** (Rekkverk på kritiske punkt langs Fv244, Fv245 og Fv246, Meland kommune) også truleg vert dyrare og meir omfattande enn søkjar legg til grunn. For **tiltak nr. 12** (Fv34 - Utbetring av smal veg ved Kjærringkleiv, Etne kommune) vil naudsynt sprenging og skredsikring fort dobla oppgitt kostnad.

**Tiltak 5** (Utbetring av asfaltdekke langs Fv565, Austrheim kommune) er sett saman av to strekningar, kor størsteparten ligg inne i *dekkeleggingsprogrammet* for fylkesveg 2018 (jf. siste revisjon frå februar 2018<sup>1</sup>). Det er difor ikkje aktuelt å vurdere tilskot for dette tiltaket. **Tiltak nr. 3** (Fv 562 - Utbetring støypekantar Kjerrgarden, Fv 563 – Utbetring fortau Florvåg, Askøy kommune) er eigentleg to ulike tiltak. Her ligg fortauet det er søkt om allereie inne i Statens vegvesen sine planar for 2018. **Tiltak nr. 8** (Gang- og sykkelveg Øvrehagen – Kyrkjevegen, Eidfjord kommune) er eit godt trafikkisikringstiltak, men er heller ikkje aktuelt for tilskot, av di tiltaket ligg til kommunal veg. Etter kriteria for tilskotsordninga *må* tiltaket ligga langs fylkesveg.

Etne kommune har søkt om eit miljøgatetiltak i Skånevik sentrum (**tiltak 9**), der dei i den smale sentrumsgata (Fv48) ønskjer granittkantstein nedfelt i vegbana, for å betre skilja fotgjengarar frå køyrande. Statens vegvesen er positive til ideen, men meiner at usikkerheit knytt til drift, drenering og anna må ryddast av bana før dei kan tilrå igangsetjing av tiltaket. Tiltaket er utvida i høve til søknad frå 2017.

Somme tiltak er meir kostnadseffektive enn andre. Med det meiner me at ein får «meir trafikkisikring for pengane». Moment som spelar inn er kor mange som får nytte av tiltaket, kor stor risikoen for ulykker er på staden, og kor stor risikoreduserande verknad tiltaket vil ha, sett opp mot kostnaden til tiltaket. Av mindre kostnadseffektive tiltak (samanlikna med dei andre søknadane) finn me tidlegare nemnte **tiltak nr. 2** og **nr. 21** samt **tiltak 29** (Fv310 Bordalsvegen - utbetring av kryss, Voss kommune) og **tiltak nr. 19** (Gang- og sykkelveg Oddland-Lidarende på Fv49, Kvam herad). Tiltaket i Bordalsvegen gjeld eit uoversiktleg kryss, men det er låg fart og trafikkmengde på strekninga, og relativt låg ulykkesrisiko. Gang- og sykkelvegtiltaket i Kvam herad har ein høg totalkostnad (24 mill. kr), og ligg i eit område med spreitt busetnad. Ut frå eit trafikktryggleiksperspektiv kan me få langt meir for pengane andre stader. Sidan tiltaket vil sikra samanhengande gang- og sykkelveg frå Aksnes til Norheimsund, ligg det likevel inne med midlar i *Investeringsprogram for fylkesvegnettet*. Tiltaket er likevel ikkje fullfinansiert, og vil heller ikkje verta det med

<sup>1</sup> Oppdatert dekkeleggingsprogram ligg som vedlegg til referatsak 16/2018 frå MISA-møtet 14. mars 2018.

ei eventuell tildeling. Fylkesrådmannen har bedt Statens vegvesen om å vurdere ei enklare løysing for å få ned kostnadane. Tiltaket vil verta vurdert ved rulleringa av investeringsprogrammet.

**Tiltak nr. 6** (*Fv10 Vespestadhaugen - forlenging av fortau mot Kallevågskleiva, Bømlo kommune*) er eit godt tiltak, men det bur relativt få menneske her, og trafikkmengda er låg. Ved **tiltak nr.16** (*Udergang på Fv48 ved Rød i Hålandsdalen, Fusa kommune*) er busetnaden spreitt, og tiltaket relativt stort. Det er likevel eit godt trafikksikringstiltak på ei vegstrekning med høg fart, og kommunen viser stor vilje til å få prosjektet gjennomført gjennom ein betydeleg kommunal eigendel og løyving på kommunebudsjettet 2018.

Det er søkt om tilskot til tre tiltak (**tiltak nr. 14** og **nr. 15** i Fjell kommune, og **nr. 25** i Os kommune) der kommunane ønskjer å byta ut eksisterande kvikksølvarmaturar med LED-lys. Reint trafikksikringsfagleg er dette gode tiltak som truleg vil betra lyssettinga i stor grad, for ein relativt billig penge. Per i dag er ein stor del av veglysanlegga i fylket eigd av BKK og drifta av kommunane. Fylkeskommunen har overtatt eigarskapet for nokre nyare veglysanlegg. Gjeldande praksis hjå Statens vegvesen for overtaking av veglysanlegg tilseier at eksisterande eigar skal syta for at anlegget ved overlevering tilfredstillar krava i gjeldande handbok. Ein kan difor stilla spørsmål ved om det er rett av fylkeskommunen å gi tilskot til byte av kvikksølvarmaturar, når dette er å rekna som eit lovfesta krav<sup>2</sup> og ansvar som naturleg fell på eigar av veglysanlegga.

### Forslag til tildeling

I tabellen på neste side er alle søknadar, med vurderingar, lista opp. Tabellen presenterer eit forslag til tildeling, som er sett saman av tiltaka som kom best ut av fagleg vurdering, utanom dei som er luka bort av ulike årsakar. Det er gitt særskilte merknadar for dei sistnemnte tiltaka, og dei er også diskutert i saksutgreiinga over. Det står no att elleve tiltak som til saman søkjer om 26,12 mill. kr. – 5,35 mill. kr. over ramma for tilskotsordninga. For å landa på ramma rår me til at eitt stort prosjekt vert tatt ut av tildelinga, medan eitt eller fleire tiltak vert trekt ned i tildeling.

Blant dei elleve tiltaka er **tiltak nr. 24** (*Gang- og sykkelveg langs Fv. 137 Hegglandsdalsvegen, Os kommune*) og **tiltak nr. 26** (*Gang- og sykkelveg Hatlandsskiftet, Osterøy kommune*) dei to største, etter søknadssum. Fylkesrådmannen ser positivt på gang- og sykkelvegtiltaket på Hatlandsskiftet i Lonevåg, men rår til at tiltaket ikkje vert tildelt midlar no. Fylkesrådmannen vil vurdere tiltaket og ha ein dialog med Osterøy kommune om finansieringsopplegg.

Hegglandsdalsvegen er allereie prioritert hjå fylkeskommunen, då det ligg inne med midlar i *Investeringsprogram for fylkesvegnettet*. I området kjem det ny barneskule, tiltaket vert samkøyrert med eit VA-prosjekt som Os kommune har, og kommunen bidrar med 11 mill. kr. i eigendel til tiltaket. Av desse er 6 mill. kr. knytt til fundamentering og oppbygging av gang- og sykkelveg, og 5 mill. kr. er eit tilskot til tiltaket. Skal me dra nytte av samkøyringa med pågåande VA-prosjekt, bør me få realisert prosjektet i 2018. Dette vil gi fordelar i form av meir rasjonell anleggsdrift. Med tildeling vil det framleis mangla midlar for å sikra fullfinansiering<sup>3</sup>. Me vil råda til at tiltaket vert tildelt midlar, men med ein reduksjon som gjer at me landar innanfor ramma for tilskotsordninga. Fylkesrådmannen vil koma attende til fullfinansiering av tiltaket i samband med sak om budsjettendringar i junitinget 2018.

<sup>2</sup> I 2015 vart kvikksølvdampplampane fasa ut etter innføringa av EU sitt økodesigndirektiv.

<sup>3</sup> Det vart søkt om 18 mill. kr. i statlege sykkelmidlar til prosjektet langs Hegglandsdalsvegen for 2018, men søknaden vart ikkje innvilga.

Tabell 2: Søknadar om tilskot til trygg skuleveg og punktutbetring 2018, med vurderingar. Lys blå farge er gitt tiltaka som kjem best ut av fagleg vurdering, medan mørkeblå tiltak kjem dårlegast ut. Tiltak markert med kraftig raudfarge er ikkje vurdert.

Nr	Kommune /prioritet	Totalkostnad (eks. mva)	Søknadsbeløp	Omtale av tiltaket	Fag. vurd	Særskilte merknader	Tildeling
1	Askøy 1	1 500 000	1 500 000	Fv 563 - Gangfelt v/ Erdalsneset			1 500 000
2	Askøy 2	2 500 000	2 500 000	Fv 563 - Fortau v/ Nedre Strand		Usikker kostnad	
3	Askøy 3	500 000	500 000	Fv562 Kjerrgarden & Fv563 Florvåg: utbetring støypekantar + fortau		Fortau inne i SVV-planar	
4	Austrheim 1	3 350 000	400 000	Veglys (kostnadar til pigging og massar) Toftegård - Mastrevik			400 000
5	Austrheim 2	4 104 000	4 104 000	Utbetring av asfaltdekke langs Fv565		Inne i dekkeprogram	
6	Bømlo 1	2 400 000	2 400 000	Fv10 – Forlenging av fortau ved Vespestadhaugen			
7	Bømlo 2	1 850 000	1 850 000	Fv14 Bekk-Svortland - opparbeiding av fortau m/lys			1 850 000
8	Eidfjord	200 000	150 000	Gang- og sykkelveg Øvrehaugen - Kyrkjevegen	-	Ikkje vurdert. Ligg ikkje langs fylkesveg.	
9	Etne 1	1 150 000	1 150 000	Granittkantstein, miljøgate Skånevik sentrum			
10	Etne 2	2 059 000	2 059 000	Fv34 ved Børkjenes - Nervikområdet		Kommunen vil ikkje ta ekstrakostnadar.	
11	Etne 3	3 630 000	3 630 000	Fv34 - G/s-veg ved Fitje			
12	Etne 4	3 500 000	3 500 000	Fv34 – Utbetring av smal veg ved Kjærringkleiv		Usikkert kostnadsoverslag	
13	Fitjar	2 600 000	2 600 000	Fv545 - G/s-veg ved Årskog industriområde / Breivik			2 600 000
14	Fjell 1	180 000	180 000	Fv209 Arefjordvegen - bytte frå kvikksølv til LED-lys		HFK eig ikkje veglysanlegget	
15	Fjell 2	350 000	350 000	Fv206 Døsjevegen - bytte frå kvikksølv til LED-lys		HFK eig ikkje veglysanlegget	
16	Fusa	7 600 000	1 500 000	Fv48 Undergang v/Rød, Hålandsdalen			
17	Jondal	800 000	600 000	Fortau langs Fv107, Sætveithagen			600 000
18	Kvam 1	4 200 000	3 800 000	Utbetring på nedre del av Fv131 i Øystese (veg og fortau)			3 800 000
19	Kvam 2	24 000 000	5 000 000	G/s-veg Oddland-Lidarende på Fv49			
20	Lindås 1	3 700 000	3 300 000	Fv402 på Seim - Samanhengande fortau og betre kryssløysing			3 300 000

Nr	Kommune /prioritet	Totalkostnad (eks. mva)	Søknads-beløp	Omtale av tiltaket	Fag. vurd	Særskilte merknader	Tildeling
21	Lindås 2	11 200 000	5 000 000	Apalen - fortau og breiare veg		Usikker kostnad	
22	Masfjorden	3 000 000	2 500 000	Fv570 Mjanger-Kvamme, tolv utbetningspunkt.			
23	Meland	700 000	700 000	Rekkverk på kritiske punkt langs Fv244, Fv245 og Fv246		Usikkert kostnadsoverslag	
24	Os 1	42 000 000	5 000 000	Fv137 G/s-veg Hegglandsdalsvegen			4 150 000
25	Os 2	500 000	500 000	Lysefjorden/Drange - bytte frå kvikksølv til LED-lys		HFK eig ikkje veglysanlegget	
26	Osterøy	4 500 000	4 500 000	G/s-veg Hatlandsskiftet, Lonevåg			
27	Vaksdal	570 000	570 000	Fv 314 - Fortau og kvitkalking i Kvamstotunnelen, Dale sentrum			570 000
28	Voss 1	2 000 000	2 000 000	Utviding busslomme og g/s-veg inn til Palmafossen barneskule			2 000 000
29	Voss 2	3 000 000	3 000 000	Fv310 Bordalsvegen - kryssutbetring			
	<b>SUM</b>	<b>137,64 mill.</b>	<b>64,84 mill.</b>				<b>20,77 mill.</b>
	<b>RAMME</b>		<b>20,77 mill.</b>			<b>AVVIK FRÅ RAMME</b>	<b>0</b>

**Fylkesrådmannen si tilråding**

Utval for miljø og samferdsel gir tilsegn om tilskot til trygg skuleveg og punktutbetring 2018 i tråd med forslag til tildeling i saksutgreiinga. Følgjande tiltak får tilsegn om midlar:

Kommune	Omtale av tiltaket	Tildeling
<b>Askøy</b>	Fv 563 - Gangfelt ved Erdalsneset	1 500 000
<b>Austrheim</b>	Veglys (kostnader til pigging og massar) på strekninga Toftegård - Mastrevik	400 000
<b>Bømlo</b>	Fv14 Bekk-Svortland - Opparbeiding av fortau med lys	1 850 000
<b>Fitjar</b>	Fv545 – Gang- og sykkelveg ved Årskog industriområde / Breivik	2 600 000
<b>Jondal</b>	Fortau langs Fv107, Sætveithagen	600 000
<b>Kvam</b>	Utbetring på nedre del av Fv131 i Øystese (veg og fortau)	3 800 000
<b>Lindås</b>	Fv402 på Seim - Samanhengande fortau og betre kryssløysing	3 300 000
<b>Os</b>	Fv137 – Gang- og sykkelveg langs Hegglandsdalsvegen	4 150 000
<b>Vaksdal</b>	Fv 314 - Fortau og kvitkalking i Kvamstunnelen, Dale sentrum	570 000
<b>Voss</b>	Utviding av busslomme og gang- og sykkelveg inn til Palmafossen barneskule	2 000 000
<b>SUM</b>		<b>20 770 000</b>